

Møteprotokoll frå Nysæter sokneråd 26.mai 2020

Råd:	Nysæter sokneråd
Tid:	Tysdag 26.mai 2020: <u>Kl. 17.00-19.00</u>
Møtestad:	Nysæter kyrkje
Opning:	Martha Kristin Valvatne

" Nysæter kyrkje - ein heim for alle, her finn me tru, håp og kjærleik i Guds hand "

Til stades: Oddbjørg K. Løkling, Marta Kristin Valvatne, Jens Arne Stautland, Katrine Valvatne Kvernenes (på Messenger), Marit S. Grimstad, Jørgen Knudsen (geistleg representant), Karen Marie Valvatne , Randi Bod Haugsdal, Ståle Betten

Meldt forfall: Heine Kaldefoss og Ingebjørg R Grønsdal.

SAKLISTE

2020/25- 012.1: Godkjenning av innkalling og sakliste

Godkjent med følgjande tilføyningar:

Under referat og meldingar: Referat frå Gudstenesteutvalet 12.05.2020

Under Generell info: Notat frå TOL (trusopplæringsutv.)

2020 / 26-012.1: Godkjenning av møteprotokoll frå soknerådsmøtet 14.04.20

Godkjent med denne merknaden til sak 19.012: Trusopplæring:

Ungdom, MILK vert flytta til vår 2021.

2020 / 27-012.1: Godkjenning av møteprotokoll frå soknerådsmøtet 08.05.20

Godkjent

2020/28- 120: Budsjettrevidering

Vedtak: Utsendt rekneskap/ budsjett vart teke til følgje.

SR registrerer svært lite offer / gåver / billettinntekter grunna koronasituasjonen. Me er særleg uroa over misjonsprosjektet i kyrkjelyden. SR utfordrarar difor AU å tenkja ut konkrete tiltak som synleggjer nedgangen i inntekter og oppmodar alle til å bidra med offer / gåver.

Revidert budsjett vert vedteke på første soknerådsmøtet i haust.

2020/29 – 310 Gudstenesteplan for haust 2020

Vedtak: Framlegg til gudstenesteplan vart teken til følgje. Jfr. Kyrkja si heimeside.

2020/30 – 317 Langtidsplan for takkeoffer

Vedlegg: Framlegg til langtidsplan for takkeoffer vart vedteken med følgjande endringar: Sanctus vert flytta opp under overskrifta «Ofringar til eiga verksemd».

Kristen muslimmisjon og Barnevakten vert strokne frå offerlista. Kirkens Nødhjelp får offer både haust og vår.

2020/31 – 317. Takkofferliste for hausten 2020

Vedtak: Takkofferlista vart vedteken slik ho førelåg. Jfr. kyrkja si heimeside.

Møteprotokoll frå Nysæter sokneråd 26.mai 2020

2020/32 -010 Sommarfullmakt:

Vedtak: Nysæter sokneråd gir arbeidsutvalet (AU) fullmakt til å gjera vedtak på vegne av rådet i sommarferien, avgrensa til saker som soknerådet etter gjeldande lover og reglar har høve til å delegera.

Vedtaka skal leggjast fram for soknerådet i første møtet etter sommarferien.

2020/33 – 012.1 Møteplan for soknerådet 2. halvår 2020:

Vedtak: Følgjande møteplan vart vedteken:

Au:	Soknerådsmøte:
18.august	25.august
28.september	20.oktober
24.november	8.desember
15.-16.januar 2021: «Døgnet»	

Eit av haustmøta er saman med Stord sokneråd.

- **Desse referata vart tekne til følgje**
 - Stolkomite
 - Fellesrådsmøte 15.april
 - Gudstenesteutvalet 12.5.2020
- **Generell info ved leiar og sokneprest vart teke til følgje:**
 - Kyrkjelege aktivitetar framover
 - Smittevern
 - Notat frå TOL
 - Gudstenestene framover
 - Familiedag ved Gruene 21.juni 2020
 - Konfirmantfest haust 2020 – ser ut som denne må gå ut pga korona
 - Utleigereglement for kyrkjene
 - Strategiplan – haust 2020

Marit Stalheim Grimstad
Soknerådsleiar
Sign

Oddbjørg K. Løkling
Nestleiar /referent
Sign

Neste møte i soknerådet vert 25.august 2020

Mat: Marit Stalheim Grimstad
Opning: Jørgen Knudsen